



Fylkesmannen i Vestland

Arkoconsult

Vår dato:

02.07.2019

Vår ref:

2019/13254

Dykkar dato:

21.06.2019

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til oppstartsmelding for detaljregulering for Lindås brygge

Vi viser til brev datert 20.06.2019. Saka gjeld melding om oppstart av privat reguleringsplan for Lindås brygge. Det er ønskelig å kunne utføre endringa med forenkla prosess. Kommunen vil gjere ei vurdering på om dette er mogleg etter oppstart er varsla og ein kan sjå på eventuelt innkomne merknader.

Det er uklart kva forslagsstillar har tenkt å endre. I varslingsbrevet står det at det er eit ønske om kombinert næring og fritidsbustad, medan det i vedlagt planinitiativ står at ein ønskjer bustader.

Fylkesmannen sine merknader

I strandsona skal ein ta særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl § 1-8. Det aktuelle området ligg i strandsona nær Lindås sentrum og har næringsformål i kommunedelplan for Lindåsoane, Lygra og Lurefjorden og i gjeldande reguleringsplan.

Saka er dårleg opplyst med motstridane opplysningar og er difor vanskeleg å ta stilling til. Vi vil likevel peike på at det er andre kriterium som ligg til grunn for å legge til rette for næring i strandsona enn å legge til rette for private fritidsbustader/bustader. Næring har til dømes i dei fleste tilfelle større samfunnsnytte, det er heller ikkje naudsynt med fritidsbustader/bustader i 100-meters-beltet. Vi meiner at private fritidsbustader/bustader i større grad vil verke privatiserande på strandsona, enn det eventuelt restaurant/serveringsstad vil gjere.

Fylkesmannen meiner det er viktig at området ikkje vert privatisert meir enn det er i dag, og vi oppfattar at ei endring av området frå næring til bustad eller til kombinert formål fritidsbustad/næring, kan føre til auka privatisering.

Vi ser ikkje på dette som ei kurant sak, og meiner på den bakgrunn at planendringa ikkje kan gjerast med forenkla prosess. Vi viser til prop. 149 L (2015-2016): «*Dersom det gjelder tiltak i strid med nasjonale eller viktige regionale interesser som gir grunnlag for innsigelse, vil det ikke være aktuelt å gjennomføre endringen etter den enklere prosessen.*»



Med helsing

Åse Vaag
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ